

**Økonomireglement
for
Fyresdal kommune
2020-2024**

- del av det politiske delegeringsreglementet



Vedteke i kommunestyret 17.09.20

Vår ref:
2019/1563-15

Arkivkode:
044

Dato:
28.09.2020

Innhold

Handsaming av budsjett	3
Budsjettjusteringar	3
Fullmakt til rådmannen	3
Grenser for delegert fullmakt	4
Rapportering og økonomistyring	4
Rekneskapsavslutning	4

Handsaming av budsjett

1. Formannskapet saman med administrasjonen startar detaljarbeidet frå september.
2. I fyrste kommunestyremøte etter at forslag til statsbudsjett ligg føre, blir rammevilkåra drøfta. Dersom ordføraren finn det naudsynt blir det kalla inn til ekstraordinært møte.
3. Formannskapet legg fram sitt framlegg til budsjett innan 15. november.
Høyringsfrist i 14 dagar.
Formannskapet legg fram endeleg budsjettframlegg seinast 14. dagar før behandling i kommunestyret.
4. Kommunestyret gjer endeleg vedtak i investeringsbudsjett, nettoramme for driftsbudsjettet for kvar sektor og økonomiplan.
5. Rådmannen utarbeider det endelege arbeidsbudsjettet på detaljnivå, innafør tildela nettoramme.
6. Det offisielle budsjettdokumentet skal innehalde:
 - innstilling frå formannskapet
 - endeleg vedtak i kommunestyret med netto rammer for driftsbudsjettet
 - investeringsbudsjettet
 - økonomiplan

Budsjettjusteringar

Fullmakta som er delegert til formannskapet, hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg (OKO), hovudutvalet for plan og miljø (PM) og rådmannen, skal nyttast aktivt gjennom budsjettåret slik at dei har kontroll på den økonomiske situasjonen innanfor sine ansvarsområde.

Formannskapet, OKO og PM skal kunne gjere endringar på avdelingsnivå.

Fullmakt til rådmannen

1. Rådmannen eller den han gje fullmakt kan endre detaljbudsjettet på avdelingsnivå.
2. Dersom ikkje anna blir vedteke kan rådmannen sjølv setje i verk vedtak i einskildsaker med grunnlag i investeringsbudsjettet.

Grenser for delegert fullmakt

1. Fullmaktene skal som hovudregel ikkje nyttast til å endre budsjettet i strid med prioriteringar eller føresetnader frå kommunestyret.
2. Nye tiltak fell utanom fullmaktene.
3. Bruk av fullmaktene må ikkje føre med seg utgifter som det einskilde organ ikkje har myndigheit til å påføre kommunen.

Rapportering og økonomistyring

1. Kommunalsjefane skal pr. 01. mars, pr. 01. mai, pr. 01. september og pr. 01. november legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen. Pr. 31. desember blir det årsrekneskapen. Hovudutvalet skal treffe nødvendige tiltak innfor sine rammer.
2. Rådmannen skal legge fram sak for kommunestyret om den økonomiske situasjonen, minst to gonger i året, pr. 1. mai og 1. september, eller når det er nødvendig. Formannskapet innstiller til kommunestyret.
3. Rådmannen legg fram sak for kommunestyret om bruken av postar i investeringsbudsjettet innan utgangen av oktober (jamfør fullmakt til rådmannen pkt. 2).

Rekneskapsavslutning

1. Formannskapet skal kome med innstilling til kommunestyret om årsrekneskapen, medrekna disponering av mindreforbruk/meirforbruk samtidig med årsmeldinga. Hovudutvala skal ha årsrekneskap og årsmelding til behandling før kommunestyret.
2. I investeringsrekneskapen skal ein bruke fyljande prioritering på inntektsida
 1. Tilskot/sal
 2. Vedtekne opptak av lån
 3. Bruk av bundne fond
 4. Bruk av ubundne fond